

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 16.02.2016

Handsaming i møte

Partner Stein Ove Songstad i Deloitte orienterte munnleg om deira juridiske vurderingar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Den munnlege orienteringa innehald opplysningar som gjer at informasjonen må unntakas offentleggjering med heimel i offl. § 13, jf. forvl. § 13.

Møtet vart difor lukka med heimel i kommunelova § 31.3 når informasjonen vart presentert.

På bakgrunn av informasjonen som kom fram ønskjer kontrollutvalet å gå djupare inn i saka og ber Deloitte gjennomføre ein utvida forvaltningsrevisjon av NDLA.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer å gå vidare inn i saka og ber Deloitte gjennomføre ein utvida forvaltningsrevisjon av NDLA.
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve i dette møte, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk innan 1.3.16.
3. Leiar i kontrollutvalet, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.